

## Inkonsistente sykehusargumenter

**Journalist Arild Myhre** i Tidens Krav har 31.10.14 en artikkel med tittel «Look to Helse Nord». Der er det tre akuttstusykehus med fødetilbud og akuttkirurgi som dekker en befolkning mindre enn det det nye fellessykehuset for Nordmøre og Romsdal vil dekke. Begrunnelsen for at de i Nordland har tre og ikke ett sykehus er lange avstander til pasientene. Myhre hevder at de samme hensynene som er vektlagt der også må vektlegges her. Han konkluderer dermed at fordi en lokalisering av fellessykehuset nær Kristiansund vil gi kortere vei for pasientene fra Smøla og offshorearbeiderne enn en lokalisering nær Molde, så er konklusjonen at sykehuset må lokaliseres nær Kristiansund.

**Hvis de samme hensynene** som er vektlagt i Nordland også må vektlegges her i Møre og Romsdal, så er ikke konklusjonen ett sykehus, konklusjonen er å beholde dagens to sykehus i Kristiansund og Molde. Når man på Nordmøre, journalist Myhre inkludert, går inn for å legge ned sykehusene i Kristiansund og

Molde og isteden bygge ett sykehus, så vil konsekvensen nødvendigvis bli lengre avstander for utkantene. Det er selvmot-sigende å først prioritere et stort fellessykehus, og deretter klage på at avstandene blir for lange. Dagens løsning med to sykehus vil gi kortere vei for pasientene, og Oslo Economics konkluderte med at to sykehus også er det beste alternativet samfunnsøkonomisk.

**Har man imidlertid valgt** ett sykehus, så kan en ikke la hensynet til utkantene legge premissene for lokaliseringen, en må ta hensyn til alle pasientene. Når det gjelder akutt hjelp ved f.eks hjerteinfarkt, hjerneslag, bilulykker, arbeidsulykker, annen akutt sykdom m.m. så er alle liv like viktig. Da er spørsmålet: Vil en reduksjon på en halv time for de på Smøla kunne veie opp for en økt reisetid på en halv time for veldig mange andre? Ofte er det de første minuttene som er avgjørende, har pasienten overlevd den første timen av transporten er sjansene store for å overleve neste time også. Norconsult har jo selv uttalt at 70% av

pasientgrunnlaget ligger på sørsiden av tunnelen, og dessverre er tunnelen en risikofaktor når det gjelder syketransport, i begge retninger. Å plassere sykehuset i forhold til demografi er viktigere enn å plassere sykehuset geografisk i midten. Sjansen for å spare flest liv er selvsagt størst om sykehuset plasseres nær der de fleste pasientene bor.

**Om et fellessykehus** foretrekkes, så viser helseforetakets analyser over utryknings-tider at en lokalisering nær Molde dominerer en lokalisering nær Kristiansund. Det er flere som når et sykehus i Molde på kortere tid enn de når et sykehus i Kristiansund, og det gjelder for alle tidsintervaller. Tallene er hentet fra analysene i 2012 og gjelder befolkning og transportnett i 2030, siden de siste analysene fra 2014 ikke inneholder utrykningstider. (Se tabell 24 og 29 i Rapport 4, utgave 1 fra 2012: «Befolkning og transportnettverk for utrykning 2030» fra Asplan Viak.)

| Intervall   | Bynært Molde | Bynært Kr.sund | Diff. |
|-------------|--------------|----------------|-------|
| 0 - 30 min  | 53 830       | 50 437         | 3 393 |
| 0 - 60 min  | 115 643      | 110 817        | 4 826 |
| 0 - 90 min  | 128 362      | 119 317        | 9 045 |
| 0 - 120 min | 129 031      | 119 318        | 9 713 |
| 0 - 180 min | 129 031      | 119 318        | 9 713 |

Det er også verd å merke seg at sykehuset i Ålesund vil ha 117 638 akuttpasienter totalt som sine nærmeste hvis fellessykehuset lokaliseres nær Molde. Et fellessykehus nær Molde vil altså dekke 11 393 flere akuttpasienter enn sykehuset i Ålesund og 9 713 flere enn et fellessykehus nær Kristiansund. Hvis Myhre ønsker at hans omtanke for pasienter i utkanter skal bli tatt seriøst, må han inkludere alle utkantene, også de som ligger i grenseland mellom et sykehus i Møre og Romsdal eller Oppland. Å legge fellessykehuset nær Kristiansund er ikke den beste løsningen for pasienter i akutt nød.

Rasmus Rasmussen  
Molde

## Alle har venta på sjukehusavgjerd i lang tid

**Romsdalingar** er framstilt og oppfatta som rettferdige, omgjengelege, stillferdige og ikkje minst eit tålmodig og romsleg folkeslag. Det er ingen dårleg karakteristikk å få, og kan gjerne behaldast og vidareførast. Derfor har vi sett fram med forventning til dato for innstilling og vedtak om plasseringa av det nye fellessjukehuset for Nordmøre og Romsdal, som no raskt nærmar seg ei avgjersle.

Alle innbyggjarane, brukarane

og tilsette har gjennom lang tid, om enn litt frustrert, venta på ei vonleg endeleg avgjerd om plassering av det nye fellessjukehuset i denne regionen.

**Som valt og oppnemnt** representant i forskjellige «sjukehus-grupper» gjennom Romsdal regionråd (ROR) og i andre fora, har eg over fleire år vore tett på prosessar, møte, utgreiingar og anna som har med denne saka å gjere. Eg har etter beste evne forsøkt å sette meg inn i dei forskjellige innspela og fagrap-

portane som er laga. Dei omtala fagrapportane og utgreiingane viser etter mitt syn ein klar føremon for Hjelset som det beste tomtealternativet for plassering av det nye sjukehuset for Nordmøre og Romsdal.

**I denne saka** er mi einaste og sterkaste oppmoding til administrasjon og styra i helseføretaka: Legg stor vekt på alle dei faglege rapportane som er utarbeidd, og bruk det som faktagrunnlag for denne viktige avgjerda – enten det gjeld

pasientgrunnlag og det beste tilbodet for dei, talet på tilsette, utdanning og rekrutteringsgrunnlaget ved etablering av eit nytt fellessjukehus.

**Dette må òg kreve** vi skal vektleggast med tyngde, meir enn å ville legge vekt på eit tilfeldig postnummer, og ei vilkårleg plassering som sitt val for det nye sjukehuset. Dersom nokon likevel vil sjå vekk frå alle dei faglege rapportane, og berre ønskjer å bruke postnummer for si plassering av det

nye fellessjukehuset, er postnummer 6450 Hjelset, også det beste alternativet som tomteplassering for det nye fellessjukehuset for Nordmøre og Romsdal.

**Ønskjer** administrasjonen og styra lykke til i denne viktige saka.

Bernhard Riksfjord  
ordførar i Aukra

## Gratulerer med sigeren i cupmeisterskapen MFK – Det var supert!

**Eg var bortmed stadion** for å kunne motta MFK når dei vende heim frå cupfinalen, og det var heilt topp når dei kom, med det fantastiske fyrverkeriet og talen frå han Skullerud og spelarane.

Men «forspelet» kunne kanskje ha vore litt betre. For medan vi venta på at laget skulle kome til stadion, stod vi å hørte på ei masse kjempegode Molde-songar. Fleire av dei hadde ikkje eg høyrte før. Samstundes blei vi oppfordra til å synge med på desse songane, av ein konferansier, som fortalde at han var så dårleg til å synge at han ikkje kunne vere forsongar. Er det ikkje ein einaste person tilsett på Molde Stadion, som kan synge noko-lunde reint? Eller torer han ikkje?

**Då har eg nokre forslag**, som kan gjere dette mindre skummelt, til neste gong. Kva med å starte opp nokre fotball-sangkor? Kva med: MFK-ansatte-koret, Fotballens Venner-koret eller Moldesupporter-koret. I slike kor er det ikkje så nødvendig med tonen, berre ein greier å synge teksta likt.

Det høyrest nemleg topp ut, akkurat som eit irsk drikkeviser-kor.

Og for å få litt meir liv og røre blant publikum, så dei ikkje blir ståande og fryse, så er det vel alltid nokre aerobic- eller spinninginstruktørar, som kan dra i gang nokre enklare øvelsar, så publikum får hoppe og sprette litt.

**Karaoke.** Når det gjeld alle desse supre MFK-songane, som vi ikkje kan, kva då med å omskrive dei til karaokesongar. Det fins vel mange proffe musikkfolk i Molde, som kan ordne dette. Framfor stadion, kan ein vel sette opp ein prosjektor, med eit stort lerret, eller eit par 50 toms TV for anledninga. Då kunne alle i publikum synge med på karaokevis og kanskje lære teksta etter kvart også. Det same gjeld inne i Bjørnsonhuset. Der har du då allereie eit stort lerret klart til bruk.

**Eller kvifor ikkje arrangere** eit songtreff inne på stadion, når det nærmar seg jul. Der er då dei to store skjermene i kvar ende av stadion, som ein kunne synge



**Venta på cupheltane:** Kva med å starte opp nokre fotballsangkor, skriv Vidar Austlid.  
FOTO: ØYVIND BRUNVOLL

etter. Då kunne alle som ville; kome å synge MFK-songar og kanskje ein julesong innimellom også. Julegløgg hadde passa godt til dette.

Gratulerer med cupen MFK, og ha eit godt nytt år framover!

Vidar Austlid, Molde. MFK-tilhengar